

Kontrollutvalet i Sogndal kommune

Kommunestyret i Sogndal Kommune

Kontrollutvalet si fråsegn til årsrekneskapen og årsmeldinga for Sogndal kommune for 2020

Vedlagt fylgjer kontrollutvalet sine fråsegner til årsrekneskapane for Sogndal kommune for 2020.

Sogndal, 31. mai 2021

Laila Wigum (sign.)
leiar i kontrollutvalet

Kopi: formannskapet

Vedlegg:

1. Fråsegn til årsrekneskapen for Sogndal kommune 2020
2. Møtebok for sak 9/2021
3. Saksutgreiing sak 9/2021

Kontrollutvalet i Sogndal kommune

Kommunestyret i Sogndal Kommune

Fråsegn frå kontrollutvalet om årsrekneskapen og årsmeldinga for 2020

Kontrollutvalet har i møte 10.5.2021 handsama Sogndal Kommune sin årsrekneskap for 2020.

Grunnlaget for handsaminga har vore den avlagde årsrekneskapen og rådmannen si årsmelding for 2020, samt revisjonsmeldinga for 2020.

Kontrollutvalet har merka seg at Sogndal kommune sin rekneskap viser eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 20 425 739, medan netto driftsresultat er positivt med kr 32 314 804.

Kontrollutvalet har registrert at ein del av forklaringa på det positive netto driftsresultatet er at kommunen har fått meirinntekt knytt til statlege refusjonar knytt til ressurskrevjande tenester med om lag 16 mill. kr som følgje av betre rapporteringsrutinar på området. Dette har medført netto mindreforbruk på helsesektoren. Samla sett har det for alle sektorane vore eit mindreforbruk i høve til budsjett på 12,6 mill. kr. Her er det vert å merke seg at ein i denne innsparinga ligg inne vesentleg mindre bruk av disposisjonsfond, slik at den reelle innsparinga for kommunen er større. Det endelege resultatet i høve til budsjett er og positivt påverka av lågare rentekostnader og høgare inntekter frå finansielle egedelar enn det som låg til grunn i budsjettet.

Kontrollutvalet ser det som positivt at ein har fått auka inntektene knytt til refusjonar for ressurskrevjande tenester med 16 mill. kr. Samstundes legg ein merke til at ein tapte inntekter på området i 2019. Dette viser kor viktig det er med tett oppfølging og rett rapportering knytt til statlege refusjonsordningar. Her må kommunen syte for at ein også framover har tilstrekkeleg ressursar til å sikre at ein ikkje går glipp av inntekter.

Kontrollutvalet viser til at teknisk berekningsutval si tilråding er at netto driftsresultat skal utgjere minimum 1,75% av driftsinntektene. Resultatet til Sogndal kommune i 2020 vart på 2,59%. Resultatet er såleis over nivået på denne tilrådinga.

Kontrollutvalet registrerer elles at det, sjølv om totalresultatet er positivt, er meirforbruk på mange ansvarsområde. Det er meirforbruk og eller mindreinntekter innanfor følgjande tenesteområde: Stab/støtte, fellesansvar oppvekst, barnehage (felles), fellesansvar helse og omsorg, Balestrand helsetun + heimetenester, Leikanger sjukeheim + heimetenester, legevakt og legeteneste, samt fellesansvar plan og samfunn.

I årsmeldinga er det gjort greie for avvik mellom budsjett og rekneskap på hovudområda.

Kontrollutvalet viser til ovannemnde og det som kjem fram i saksframlegget til kontrollutvalet si handsaming av saka.

Rekneskapen vart ikkje klar innan fristen i kommunelova (22. februar) og dette har vidare ført til at revisjonsmeldinga ikkje var klar innan fristen 15. april. Kontrollutvalet legg til grunn at ein for 2021 vil halde dei lovpålagte fristane.

Ut over dette har ikkje kontrollutvalet merknadar til rekneskapen og årsmeldinga for Sogndal kommune for 2020.

Sogndal, 10. mai 2021/31. mai 2021

Laila Wigum
Leiar kontrollutvalet

Kopi til: Formannskapet

Møtebok kontrollutvalet i Sogndal kommune

Sak 9/2021 Drøftingssak – kontrollutvalet si fråsegn til årsrekneskapen og årsmeldinga for Sogndal kommune

Sakshandsamar	Møtedato	Sak nr
Richard Nesheim	10.5.2021	9/2021

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet går gjennom utkast til fråsegn til årsrekneskapen og årsmeldinga for 2020 for Sogndal kommune slik den ligg føre. Sidan rekneskapen ikkje er ferdig revidert må kontrollutvalet utsetje vedtaket av fråsegn i saka til neste møte.

10.5.2021 KONTROLLUTVALET

Rådmann Skinlo og Rekneskapsleiar Eriikka Torgersen orienterte om rekneskapen.

KON-9/21 VEDTAK:

Kontrollutvalet vedtek fråsegna slik den ligg føre under føresetnad av at revisor ikkje har merknader til rekneskapen. Sekretariatet får fullmakt til å sende fråsegna over til formannskapet når revisjonsmeldinga ligg føre. Dersom revisor har merknader til rekneskapen, og/eller rekneskapen blir endra, så må kontrollutvalet handsame saka på nytt.

Samrøystes.

Kontrollutvalet i Sogndal kommune

Sak 9/2021 Drøftingssak - kontrollutvalet si fråsegn til årsrekneskapen og årsrapport for 2020 for Sogndal kommune

Sakshandsamar Richard Nesheim	Møtedato 10.5.2021	Saknr 9/2021
---	------------------------------	------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet går gjennom utkast til fråsegn til årsrekneskapen og årsmeldinga for 2020 for Sogndal kommune slik den ligg føre. Sidan rekneskapen ikkje er ferdig revidert må kontrollutvalet utsetje vedtaket av fråsegn i saka til neste møte.

VEDLEGG:

Nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1	10.5.21	Kontrollutvalet	Fråsegn frå kontrollutvalet om rekneskap, årsmelding og revisjonsmelding (utkast).
2		Sogndal kommune	Rekneskap 2020 (ikkje revidert)
3		Sogndal kommune	Årsrapport for Sogndal kommune 2020 (ikkje revidert)
4	15.4.21	Vestland Revisjon KO	Revisjonsmelding 2020 Sogndal kommune (negativ melding)

Melding frå revisor er ikkje klar før sakspapira vert sendt ut. Revisor har gitt tilbakemelding om at endeleg revisjonsmelding ikkje vil vere klar før tidlegast den 20. mai og at det er for tidleg å gje attendemelding i høve til om det kan kome endringar i rekneskapen.

BAKGRUNN

I samsvar med kommunelova og forskrift om kontrollutval kap. 4, § 7 skal kontrollutvalet gje ei fråsegn til kommunerekneskapen. Fråsegna skal sendast til kommunestyret, med kopi til formannskapet. Fråsegna skal vere formannskapet i hende tidsnok til at formannskapet kan ta omsyn til den før formannskapet gjer innstilling til kommunerekneskapen.

Det var opphaveleg lagt opp til at rekneskapen skulle handsamast i formannskapet den 19. mai og i kommunestyret den 17. juni. Sidan revisjonsmeldinga ikkje blir klar før etter den 19. mai, må rekneskapen handsamast av formannskapet i møte den 9. juni.

AKTUELLE LOVER, FORSKRIFTER, AVTALER MV.

Kommunelova
Forskrift om kontrollutval
Forskrift om revisjon

SAKSUTGREIING

Sekretariatet fekk utkast til årsrekneskap tilsendt den 26. april og utkast til årsmelding tilsendt den 7. april. Revisjonsmeldinga er ikkje klar på tidspunkt for utsending av saka. Det er laga eit utkast til fråsegn under føresetnad av at rekneskapen ikkje vert endra. Dette utkastet er kun førebels og kan bli endra dersom revisor sin gjennomgang medfører endringar i rekneskapen til kommunen.

Utkastet til fråsegn til årsrekneskapen er basert på årsrekneskapen og årsmeldinga for 2020 som ikkje er revidert.

I fråsegna er det teke omsyn til følgjande punkt:

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat viser kva kommunen sit igjen med av inntekter etter at alle utgifter er trekt i frå. I tillegg til inntekter og utgifter vedkomande den ordinære drifta, det vil seie til administrasjon og tenestetilbod, inngår også finansinntekter og finansutgifter (renteutgifter, avdrag på lån m.v.) i resultatomgrepet. I tillegg er netto driftsresultat korrigert for avskrivningar slik at desse ikkje gjev resultateffekt.

Netto driftsresultat vert og brukt som samanlikningsgrunnlag mellom kommunar. Netto driftsresultat kan nyttast til finansiering av investeringar eller avsettast til seinare bruk og gir dermed ein indikasjon på kommunen sin økonomiske handlefridom.

For Sogndal kommune var **netto driftsresultat for 2020 positivt med kr 32 314 804.**

For 2019 var det ikkje nokon rekneskap for nye Sogndal kommune, då hadde ein tre rekneskapar for dei tre tidlegare kommunane. I 2019 var det nokre spesielle forhold som påverka netto driftsresultat i dei gamle tre kommunane. Vi viser her til saksutgreiingane til sak 8, 9 og 10 i kontrollutvalet i 2020. I tabellen nedanfor har vi ført opp korrigert netto driftsresultat for dei tre kommunane, som kan nyttast som grunnlag for ei grov samanlikning.

	Korrigert netto driftsresultat (avrunda)
«gamle» Sogndal kommune	-7 068 000
Balestrand kommune	-2 235 000
Leikanger kommune	-25 200 000
Sum	-34 503 000

Samanlikna med 2019 er resultatet såleis vesentleg betra. Resultatet er og vesentleg betre enn revidert budsjett som viste eit negativ netto driftsresultat på kr 12 519 000.

I årsmeldinga side 16 er det lista opp dei vesentlege postane som har utvikla seg i positiv retning gjennom 2020. Ein har fått meirinntekter på rammetilskot, lågare rentekostnader enn budsjettert og høgare avkastning på finansielle anleggsmidlar. På sektorane har det og samla sett vore mindreforbruk. Ein vesentleg forklaringsfaktor er meirinntekt i høve til budsjett knytt til statlege refusjonar knytt til ressurskrevjande brukarar. Denne meirinntekta utgjer om lag 16 mill. kr i 2020. Budsjettet var basert på rapporteringa for 2019 der det viser seg at kommunen har rapportert inn for lågt kostnadsgrunnlag.

Teknisk berekningsutval for kommunal økonomi (TBU), som er nedsett av kommunal- og moderniseringsdepartementet har anbefalt at netto driftsresultat over tid bør utgjere minst 1,75% av driftsinntektene. Dette for at kommunen skal ha økonomisk handlingsrom og kunne avsetje til investeringar, tiltak som kjem utanom planane og ivareta "formuesbevaringsprinsippet" i kommunelova.

I Sogndal kommune var netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene **2,59%** i 2020. Kommunen kom såleis godt over minstekravet på tilrådd nivå. (til orientering hadde gamle Sogndal kommune eit internt målkrav på 3%).

Rekneskapsmessig mindreforbruk

Rekneskapsmessig meir- eller mindreforbruk er avviket mellom budsjettert og faktisk bruk av midlar, etter bruk av fond. I 2020 er det eit mindreforbruk på kr 20 425 739.

Rekneskapan sett mot revidert budsjett

I høve til revidert budsjett er driftsresultatet i underkant av 44,8 millionar kroner betre enn budsjettert. Sjå her løyvingsskjema 1 på side 4 i resultatrekneskapan. Om lag 36,4 mill. kr skuldast mindre forbruk på einingane (før avsetjing og bruk av fond). Generelle driftsinntekter (rammetilskot, skatt og andre generelle driftsinntekter) er om lag 2,6 mill. kr lågare enn budsjettert. Medan netto finansutgifter er om lag 11 mill. kr lågare enn budsjettert (dvs. meirinntekt).

Tabellen på side 25 i årsmeldinga syner meir- eller mindreforbruket på den enkelte sektor. Resultatet for tenesteområda viser samla sett eit rekneskapsmessig mindreforbruk på 12,6 mill. kr sett i høve til budsjettert nivå. Her er det viktig å vere klar over at i budsjettet for sektorane var det budsjettert med å bruke 47,7 mill. kr i fondsmidlar, medan ein enda opp med å bruke 23,8 mill. kr i fondsmidlar. (sjå løyvingsskjema 2 på side 5 i årsrekneskapan). Netto innsparing, eller meirinntekter, på einingane er såleis 36,4 mill. kr som nemnt ovanfor.

Generelle inntekter og utgifter:

Dette gjeld inntekter og utgifter som ikkje er knytt til teneste- eller støtteinngane.

På andre inntekter har ein netto eit meirforbruk (les lågare inntekter i høve til budsjettet) med vel 2,6 mill. kr.

Dei viktigaste forklaringsfaktorane er:

1. Høgare inntekter på skatt og rammetilskot samla sett med 7,9 mill. kr.

Rammetilskot og inntektsutjamning vart 11,9 millionar kroner høgare enn budsjettert. Medan skatteinntektene vart om lag 4 mill. kroner lågare enn budsjettert. Årsaka til lågare skatteinntekter er samansett, men det er grunn til å tru at koronapandemien har bidratt til nedgangen

2. Eigedomsskatt er om lag som budsjettert, viser ei meirinntekt på om lag kr 240 000.
3. Andre generelle driftsinntekter er 10,7 mill. kr lågare enn budsjettert

Her inngår det mange postar (sjå årsmeldinga side 21). Hovudforklaringa på

nedgangen er lågare statstilskot knytt til flyktningar, som følgje av at det vart busett vesentleg færre flyktningar i 2020 enn det ein hadde lagt til grunn i budsjettet. Dette har samband med stogg i innreise for overføringsflyktningar som følgje av koronasituasjonen

4. Netto lågare rentekostnader enn budsjettet 3,7 mill. kr

Rentenivået gjekk vesentleg ned i 2020 som følgje av rentekutta frå sentralbanken. Stordelen av låna har flytande rente og renta har i løpet av året vore lågare enn budsjettet. Sett mot opphøveleg budsjett er rentekostnaden nesten 10 mill. kr lågare på årsbasis.

5. Avkastning på verdipapirfond høgare enn budsjettet, 5,5 mill. kr

Dette er meiravkastning på kommunen sine verdipapirfond i høve til budsjett. I opphøveleg budsjett var det budsjettet med 7 mill. kr i avkastning, men etter den store nedgangen i aksjemarknaden etter utbrotet av COVID19-pandemien i mars 2020 gjekk aksjemarknaden mykje ned. Ved budsjettjusteringa etter 1. tertial vart difor avkastninga justert ned til null. Så har utviklinga i andre halvår vore svært positiv, noko som har medverka til at det likevel vart ein vinst på kommunen sine investeringar.

6. Avdrag på lån er om lag 1,5 mill. kr lågare enn budsjettet

Avdrag på lån blir kostnadsført i den kommunale rekneskapen. Lågare avdrag medfører difor tilsvarande høgare resultat.

Elles er det noko mindre avvik på andre postar.

Samla sett vart det altså meirinntekter på generelle postar i 2020 og mindreforbruk på tenesteeiningane. Dette gjorde til at kommunen fekk eit samla netto driftsresultat på 32,3 mill. kr som er disponert som vist i note 2.2.

Som følgje av det gode resultatet har disposisjonsfondet til kommunen auka frå 104,2 mill. kr til 121,1 mill. kr.

Arbeidskapital

Arbeidskapitalen gir uttrykk for likviditeten i kommunen, det vil seie kommunen si evne til å betale gjeld ved forfall. Arbeidskapitalen omfattar bankinnskot, verdipapir og fordringar etter frådrag for kortsiktig gjeld.

Arbeidskapitalen har hatt ein auke på 61,6 mill. kr (avrunda tal) frå 337,8 mill. kr i 2019 til 399,4 mill. kr i 2020. Auken kan i hovudsak forklarast med netto driftsresultat, samt at kommunen har ein auke i ubrukte lånemidlar.

Langsiktig gjeld (låneutvikling og pensjonsforpliktingar)

Låneutvikling

Langsiktig lånegjeld har gått opp med om lag 92,8 mill. kr.

Ser ein på den totale lånegjelda, så utgjer denne **89,4 %** av driftsinntektene. Til samanlikning er gjennomsnittet for kommunane i fylket (Vestland) på 106,7 % for 2020 og landsgjennomsnittet utanom Oslo er på 117,2%.

Netto lånegjeld utgjer 70,6% av brutto driftsinntekter

I netto lånegjeld korrigerer vi for lån som blir brukt til vidare utlån (formidlingslån for Husbanken) og ubrukte lånemidlar.

Til samanlikning hadde tidlegare Sogndal kommune ei målsetjing om at netto lånegjeld ikkje skulle overstiga 75% av brutto driftsinntekter. Hadde kommunen halde fram med denne målsetjinga hadde ein vore innanfor målsetjinga per 31.12.20. I nye Sogndal kommune har ein vedteke ei målsetting om at brutto lånegjeld ikkje skal vere over 75%. Kommunen er såleis i brot med dette målalet per 31.12.20. I 2021 har finansutvalet i mars vedteke å endre målalet til 85%. Kommunen ligg likevel over dette nivået per 31.12.20.

Samla sett viser gjennomgangen over at Sogndal kommune, sjølv om lånegjelda har auka, har styring og kontroll på utviklinga av lånegjelda og at kommunen har eit lågare nivå på lånegjeld enn gjennomsnittet.

Pensjonsforpliktingar

Pensjonsforpliktingane til kommunen har hatt ei positiv utvikling i løpet av 2020 og utgjer per 31.12.20 1318,3 mill. kr, mot 1367,4 mill. kr i 2019.

I balansen står både pensjonsmidlar og pensjonsforpliktingar. Netto pensjonsforplikting kan uttrykkast som pensjonsmidlar fråtrekt pensjonsforpliktingar. Dette forholdstalet utvikla seg i positiv lei det siste året.

	Netto pensjonsforplikting:
31.12.20	28,3 mill. kr
31.12.19	173,4 mill. kr

Effekten av endring i pensjonsforplikting vert i hovudsak ført via kapitalkonto, det vil seie rett mot annan eigenkapital.

Avvik frå budsjett

I årsmeldinga vert det kommentert først på eit overordna nivå i høve til avvik mellom rekneskap og budsjett. Vedlagt tabell er henta frå årsmeldinga side 25 og viser at alle sektorane samla har hatt innsparing i høve til revidert budsjett:

Alle sektorar	Rekneskap	Opphav. Budsjett	Rev. budsjett	Avvik	Avvik i %.
Administrasjon	52 262 743	28 420 000	54 386 000	2 123 257	3,9%
Oppvekst	292 634 917	301 119 000	292 680 000	45 083	0,0%
Helse og omsorg	311 622 908	344 333 000	318 699 000	7 076 092	2,2%
Plan og samfunn	107 933 911	94 144 000	111 301 000	3 367 089	3,0%
Sum	764 454 479	768 016 000	777 066 000	12 611 521	1,6%

Administrasjon og innovasjon vert kommentert frå side 26 i årsmeldinga., Oppvekst frå side 29, Helse og Omsorg frå side 37 og Plan og samfunn frå side 44.

Vedlagt viser tabellar for den enkelte sektor (henta frå årsmeldinga), som spesifiserer dei akkumulerte tala i tabellen ovanfor for den enkelte sektor:

Administrasjon	Rekneskap	Opphav. Budsjett	Rev. budsjett	Avvik
Rådmann	-7 606 077	-25 561 000	-5 979 000	1 627 077
Stab/støtte	45 526 093	42 529 000	44 652 000	-874 093
Økonomi	14 342 727	11 452 000	15 713 000	1 370 273
Sum	52 262 743	28 420 000	54 386 000	2 123 257

Oppvekst	Rekneskap	Opphav. budsjett	Rev. budsjett	Avvik
Fellesansvar	3 605 340	-2 606 000	2 576 000	-1 029 340
Støttetjenester	28 102 770	30 613 000	28 625 000	522 230
Barnehage	109 397 663	112 508 000	108 479 000	-918 663
Skule	151 529 144	160 604 000	153 000 000	1 470 856
Sum	292 634 917	301 119 000	292 680 000	45 083

Helse og omsorg	Rekneskap	Opphav. budsjett	Rev. budsjett	Avvik
Fellesansvar	18 970 463	16 279 000	15 995 000	-2 975 463
Balestrand helsetun + heimetenester	36 262 395	36 575 000	34 464 000	-1 798 395
Leikanger sjukeheim + heimetenester	39 738 701	40 666 000	37 944 000	-1 794 701
Sogndal helse- og omsorgssenter	77 288 454	88 668 000	81 738 000	4 449 546
Heimetenester Sogndal	37 787 298	41 239 000	38 783 000	995 702
Bu og miljøtenester	63 299 765	85 068 000	72 625 000	9 325 236
Legevakt og legeteneste	30 137 869	27 948 000	28 624 000	-1 513 869
Ergo, fysio og friskliv	8 137 963	7 890 000	8 526 000	388 037
Sum	311 622 908	344 333 000	318 699 000	7 076 092

Plan og samfunn	Rekneskap	Opphav. budsjett	Rev. budsjett	Avvik
Fellesansvar	1 474 570	-1 232 000	629 000	-845 570
Plan og forvaltning	4 642 547	5 302 000	4 657 000	14 453
Samfunn og næring	7 958 237	2 725 000	9 412 000	1 453 763
Teknisk drift	55 984 326	44 836 000	56 688 000	703 674
Nav	13 453 286	12 998 000	13 234 000	-219 286
Kultur	24 420 943	29 515 000	26 681 000	2 260 057
Sum	107 933 911	94 144 000	111 301 000	3 367 089

Nedanfor har vi trekt ut dei områda på den enkelte sektor der det blir meldt om størst meirforbruk i høve til budsjett.

Funksjon/område	Meirforbruk	Forklaring i årsmeldinga:
Stab/støtte	874 000	Det er ikkje kommentert spesifikt på avdelingane personal/løn, dokumentcenter og innbyggartorg. Men desse avdelingane har truleg hatt mindreforbruk i høve til budsjettet. For IKT er det meldt om eit meirforbruk på 1,63 mill. kr. Ein stor del av meirforbruket er forklart med at felleskostnader knytt til lisensar og driftsavtalar er ført på IK-ansvaret, medan budsjetter er fordelt på tenesteeiningane. Det vert og vist til at ein har hatt 0,8 mill. kr i ekstrakostnad til SYSIKT som følge av datasenter SHOS, felleskostnader på telefoni, nettverk og lisensar. Sjå nærare omtale på side 26 og 27 i årsmeldinga.
Fellesansvar oppvekst	1 029 000	Fellesansvar-områda innan oppvekst syner eit meirforbruk på vel 1 mill. kr. Dette har samanheng med

		at det er flytta nokre tilsette frå barnehage og skule til dette ansvaret, utan at budsjettet har blitt korrigert. Meirforbruket på barnehage skulle såleis vore større og mindreforbruket på skule skulle vore mindre.
Barnehage (felles)	919 000	Samla sett viser rekneskapen for barnehagesektoren eit meirforbruk på 0,9 mill. kr. Her er det + og – på ulike ansvarsområde innanfor barnehagesektoren. På ansvar 250 felles barnehage er det eit meirforbruk på vel 1 mill kr som i hovudsak er forklart med auka kostnader til spesialpedagogisk hjelp. Eller er det for dei kommunale barnehagane både positive og negative avvik i drifta av dei ulike einingane, men samla sett har barnehagane hatt eit mindreforbruk på 1,8 mill. kr. Tilskot til dei private barnehagane har eit meirforbruk på 1,7 mill. kr. Dette er mellom anna knytt til kompensasjon for tapt foreldrebetaling, særleg i samband med stenging våren 2020.
Fellesansvar helse og omsorg	2 975 000	Auka lønskostnader forklarar om lag 0,5 mill. kr av dette avviket. Resterande avvik gjeld mellom anna meirforbruk på bustad- og tildelingskontoret, samt til vedtak og koordinering. Gruppa for vedtak og koordinering har eit meirforbruk på 2,5 mill. kr. Dette skuldast i hovudsak tre forhold. Meirforbruk på løn til avlastning, omsorgsløn og støttekontakt. Etterbetaling på fleire saker, samt kjøp av tenester frå private ut over budsjetttramme.
Balestrand helsetun + heimetenester	1 798 000	Meirforbruket skuldast mellom anna bruk av overtid og vikarinneleige. Det er og kommentert at det er feilført refusjon knytt til brukartiltak. Det er kommentert at det er sett i verk tiltak for å fase ut bruk av vikarbyrå.
Leikanger Sjukeheim + heimetenester	1 795 000	Meirforbruket er i hovudsak knytt til lønskostnader til vikarar, overtid og lærlingar. Ein har i hele 2020 brukt mykje ressursar til naudsynt helsehjelp til pasientar med stor pleietyngde som ein ikkje har klart å gje tenester til innanfor grunnbemanninga. Dette har medført eit meirforbruk på ekstravakter og overtid.
Legevakt og legeteneste	1 514 000	Meirforbruket skuldast i hovudsak auka lønsutgifter for lege i samband med permisjon. Det vert og vist til auke i lønskostnader til legevakt, samt endring i sentrale avtalar mellom KS og legeföreininga. Feil i budsjettgrunnlaget er og ein forklaringsfaktor i følge årsmeldinga.
Fellesansvar plan og samfunn	846 000	Fellesansvaret har eit meirforbruk dels som følgje av at det var budsjettert med ein ikkje reell inntektspost på kr 400.000. Det vert elles vist til at ein samla sett på plan og samfunn har ei innsparing på 3,4 mill. kr.

Det er vert å merke seg at Helse og omsorg samla hadde eit mindreforbruk på 7,1 mill. kr. Forklaringa på dette er i hovudsak knytt til meirinntekt på ressurskrevjande tenester. Det er i årsmeldinga kommentert at det er store avvik både i meirinntekter og mindreforbruk på dei

ulike ansvarsområda i sektoren og at ein ser behov for å omfordele budsjett internt i sektoren for å balansere betre i 2021.

Sjå elles årsmeldinga for nærare detaljar om meir- og mindreforbruk på dei enkelte områda.

Konklusjon:

Med bakgrunn i denne saksutgreiinga, årsrekneskap og årsmelding er det utarbeidd eit utkast til fråsegn til Sogndal kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2020. Utkastet er førebels sidan rekneskapen ikkje er ferdig revidert. Endeleg vedtak av fråsegna må utsettast til neste møte i kontrollutvalet.